



Vedtekter for utsmykking i Norddal kommune

1. Føremål

Vedtektene skal sikre offentlege midlar til utsmykking av kommunale bygg og anlegg og offentlege plassar (garasjar, lagerbygg m.v. er unnateke).

Hovudvekta bør leggjast på utsmykking av representative bygningar og plassar der mange folk ferdist.

Kravet til kunstnarleg kvalitet skal alltid vere eit overordna omsyn.

Ved tildeling av arbeidsoppdrag skal ein også ta omsyn til kunstnarar med tilknytning til distriktet.

Føremålet med utsmykkinga er å

- Gje brukarane og innbyggjarane høve til å oppleve god kunst i kontakt med offentlege bygg og anlegg
- Bidra til auka trivsel gjennom oppleving av kunst
- Bygje opp ei variert kunstsamling
- Bidra til aktiv kunstformidling

Ved KORO-støtta kunstprosjekt gjeld KORO sine retningslinjer.

2. Finansiering

- Ved kommunale nybygg, tilbygg og større restaureringsarbeid skal 1 % av byggjesummen settast av til utsmykking, men maks 300.000 kr.
- Ved opparbeiding/opprusting av gater, plassar, uterom og uteanlegg skal 0,5 % av den kommunale løyvinga brukast på utsmykking, men maks 100.000 kr.

Beløpet vert innarbeidd i det totale budsjettet for prosjektet. Det inngår som ein del av finansieringsplanen, og vert lagt fram til vedtak for kommunen. Eigedomsselskapet har ansvar for at dette vert gjort når det bygning, og teknisk sektor når det gjeld uteområde.

Til kvart utsmykkingsprosjekt der det er aktuelt skal det søkjast om tilskot frå Utsmykkingsfondet – KORO (Kunst i offentlege rom, ei statleg ordning).

3. Utsmykkingskomite

Det skal oppnemnast ein utsmykkingskomite for kvart byggjeprojekt. Ein slik komite skal bestå av:

- Leiar valt frå formannskapet, vert valt for 4 år om gongen
- Representant frå Norddal Eigedomsselskap KF, nestleiar (ved byggeprosjekt)
- Kultursjef, sekretær
- Ansvarleg arkitekt/prosjektleder for byggeprosjektet
- Representant for brukarane/tilsette
- Kunstnerisk konsulent (valt av RSU/KORO)

Når eit uteområde skal utsmykkast går representant for Norddal Eigedomsselskapet KF ut, og representant frå teknisk sektor går inn som nestleiar.

4. Val av kunstnar

Val av kunstnar skal skje gjennom:

- Open eller lukka konkurranse
- Direkte oppdrag til namngjeven kunstnar
- Innkjøp av lauskunst av namngjeven kunstnar
- Innkjøp av lauskunst frå utstillingar

Ved konkurranse er utsmykkingskomiteen jury. Avgjerd ved fatta gjennom vanleg fleirtal. Ved stemmelikskap har leiar dobbelstemme. Utvalet kan ved behov kalle inn manglande kompetanse.

5. Kunstplan

Når eit byggeprosjekt vert igongsett, skal prosjektleiar syte for at utsmykkingskomiteen vert orientert om dette umiddelbart.

Kunstnerisk konsulent er ansvarleg for å utarbeide ein heilskapleg kunstplan for prosjektet som skal leggst fram for utsmykkingskomiteen for godkjenning. Kunstplanen skal innehalde plassering av kunstverk, forslag til kunstnarar og type kunst, budsjett, finansieringsplan, framdriftsplan m.v. i tråd med KORO (Kunst i offentlege rom) sitt standardiserte oppsett.

Utsmykkingskomiteen skal søke KORO om ekstra økonomisk støtte i dei sakene der dette er aktuelt. I dei tilfella skal kunstplan vere sendt KORO for godkjenning før kunstnarar vert endeleg valt.

Ved val av kunstverk og plassering av dette skal det takast høgde for minst muleg vedlikehald av kunstverket.

Kunstnerisk konsulent skal saman med prosjektleiar legge til rette for universell utforming slik at flest muleg kan oppleve den kunstneriske utsmykkinga.

6. Kontrakt

Det skal inngåast skriftleg avtale mellom Norddal kommune og kunstnar ved alle utsmykkingsoppdrag. Ved kjøp frå utstillingar skal kommunen inngå avtale med utstillingsstaden. Signering av avtalar følgjer rutinar for byggeprosessen for øvrig. Utvalet rapporterer til Formannskapet.